

Kommentar om fiskeri til artikkelen «Landbruks- og fiskerinæringene i Norge: Klart utenfor, men stadig mer innenfor EU?» av Arild Aurvåg Farsund i *Internasjonal Politikk*, Vol. 81, Nr. 4, 2023

Lidvard Grønnevæt

Fiskeriråd ved EU-delegasjonen i Brussel 1992–1995

Samandrag

Det er svært positivt at *Internasjonal Politikk* har eit nummer om «Norge og EU: Betydningen av medlemskap», men etter mi mening er innhaldet om fiskeri mangelfullt. Problemstillingane knytt til fiskeri ved forhandlingane både i 1972 og 1994 blir diskutert. Vidare blir utviklinga innanfor havrett og fiskeri omhandla. Det blir argumentert for at framstillinga av fiskeripolitikken både i EU og Noreg er mangefull. Spesielt gjeld dette strukturpolitikken. Den store skilnaden mellom landbruk og fiskeri i Noreg kjem ikkje klart fram i Farsund sin artikkel. Avslutningsvis er vurderinga at å byte ut EØS-avtalen med ein frihandelsavtale er urealistisk. EU-medlemskap ville styrke konkurranseevna for norsk fiskerinæring inklusive havbruk, og vilkåra for meir foredling av fiskeprodukt i Noreg ville bli vesentleg betre.

Nøkkelord: fiskeri · EU · Noreg

Kontaktinformasjon: Lidvard Grønnevæt, e-post: lidvardg@gmail.com

©2024 Lidvard Grønnevæt. This is an Open Access article distributed under the terms of the Creative Commons Attribution 4.0 International License (<https://creativecommons.org/licenses/BY/4.0/>), allowing third parties to copy and redistribute the material in any medium or format and to remix, transform, and build upon the material for any purpose, even commercially, provided the original work is properly cited and states its license.

Citation: Grønnevæt, L. (2024). Kommentar om fiskeri til artikkelen «Landbruks- og fiskerinæringene i Norge: Klart utenfor, men stadig mer innenfor EU?» av Arild Aurvåg Farsund i *Internasjonal Politikk*, Vol. 81, Nr. 4, 2023. *Internasjonal Politikk*, 82(2), 102–112. <http://doi.org/10.23865/intpol.v82.6436>

Innleiing¹

I kommentaren om at «landbruks- og fiskerinæringene spilte avgjørende roller i forbindelse med folkeavstemningene om norsk medlemskap i EU i 1972 og 1994» blir det av Farsund hevdat at «fiskeriorganisasjonene fryktet tap av kvoter til fiskere fra andre europeiske land». Dette er fullstendig feil. Verken i 1972 eller i 1994 var frykt for tap av kvotar grunnlag for motstand i fiskerinæringa.

I 1972 av den enkle grunn at nasjonale kvotar eller fartøy kvotar ikkje var etablert! Dette kom fleire år seinare, hovudsakleg på 1980-talet. Å snakke om frykt for fiskekvote i 1972 er på linje med å skulle frykte tap av internettforbindelsen i 1972. Det store problemet i 1972 var at dei seks dåverande medlemslanda for første gong gjorde vedtak om ein fiskeripolitikk rett før forhandlingane med dei fire søkarlanda starta (regulering 2141/70). Denne reguleringa «entered into force 6 hours after the opening of negotiations with the four candidate countries on 1 February 1971» (Lado, 2016, s. 23). I reguleringa var det innført eit prinsipp om «free access to each other waters», altså innanfor tolvmilsgrensa. Spørsmålet om tolvmilsgrensa var bakgrunnen for at fiskeriminister Hoem gjekk ut av Bratteli si regjering på slutten av forhandlingsprosessen. Og det hadde naturlegvis avgjerande negativ verknad på haldninga til medlemskap – spesielt innanfor fiskerinæringa. I det store verket om norsk fiskerihistorie er fiskekvote ikkje nemnt i gjennomgangen av EF-striden i 1970 til 72 (Christensen, 2014). Dei tre landa som vart medlemmer i 1973 – UK, Irland og Danmark – inkluderte i avtalen om medlemskap at dei skulle oppretthalde tolvmilsgrensa i ein viss periode. Den vidare utviklinga er at tolvmilsgrensa vart vidareført i EU ved etableringa av den felles fiskeripolitikken (CFP)² i 1983, og ved revisjonane i 1992, 2002 og 2013. Den er no vidareført fram til 31. desember 2032. Ved revisjonen i 2013 er dette den danske teksta i fortalen nr. 19:

De eksisterende regler, der begrænser adgangen til ressourcer inden for medlemsstaternes 12-sømilezone, har fungeret tilfredsstillende til gavn for bevarelsen ved at begrænse fiskeriindsatsen i de mest følsomme dele af EU-farvandene. Reglerne har også bevaret det traditionelle fiskeri, som den sociale og økonomiske udvikling i visse kystsamfund er stærkt afhængig af. Disse regler bør derfor fortsat anvendes. Medlemsstaterne bør bestræbe sig på at give preferentiel adgang for småskalafiskere, ikkeindustrielle fiskere eller kystfiskere.

I 1994 var heller ikkje frykt for tap av kvotar grunnlag for motstand i fiskerinæringa. I artikkel 44 i avtalen frå 1994 (Avtalen 1994) er det fastsett kvotar til Noreg i prosent med 3 desimalar etter komma, for alle viktige fiskeslag som er (var) underlagt totalkvote. Det er også fastsett kvotar til Noreg i tonn for fiskeslag som ikkje er (var) underlagt totalkvote. Dette er permanent kvotefordeling til Noreg av dei aktuelle

¹ Kommentaren er inndelt og følgjer same strukturen som Farsund sin artikkel, dvs. eg gjentar Farsund sine underoverskrifter her.

² Common Fisheries Policy.

fiskeslaga. Altså Noreg sin «relative stabilitet». Tilsvarande er det i artikkel 47 fastsett kvotar til EU *as at present constituted*.

Det som kom i fokus som motstand i fiskerinæringa i 1994 var den såkalla makrell-løysinga. Den er i fotnote 13 til den første tabellen i artikkel 44. Det krev stor innsikt i fiskerinæringa for å forstå problemstillinga der. Makrell-løysing endra ikkje 1 gram av kvote, men tida og området der EU sin fiskeflåte kunne fiske vart utvida.

Innanfor fiskeri var det også motstand med grunnlag i allmenne problemstillinger om suverenitet og sjølvråderett. Fiskeri var i 1994 «fellesskapskompetanse», og er det framleis i Lisboa-traktaten. Det inneber at det er EU som på vegner av medlemslanda forhandlar om fiskeri med tredjeland, for eksempel Russland. Dette var det også motstand mot i fiskeri-kretsar i 1994. I artikkel 49 i avtalen frå 1994 er det gjort eit unntak for Noreg om dette. Fram til 30. juni 1998 hadde Noreg autoritet, på vegner av det utvida EU, til å fastsette reguleringar for alle fiskeslaga nord for 62 grader nord med unntak av makrell. Det vil seie også å forhandle med for eksempel Russland på vegner av det utvida EU.

Det er forståeleg at fokus er på utviklinga etter 1994, men for fiskeri er det naturlege utgangspunktet 1983 – tidspunktet då EU etablerte ein fullstendig felles fiskeripolitikk (CFP). Det er også året då Noreg vedtok ei modernisert fiskerilov (Saltvannsfiskelova, 1983).

Farsund sitt teoretiske utgangspunkt er eit perspektiv «som vektlegger den rollen aktørenes ideer spiller i politiske beslutningsprosesser». Og dette er naturlegvis eit godt og korrekt utgangspunkt, men «aktørenes kognitive utgangspunkt» er fullstendig ulikt for landbruk og fiskeri. Denne store skilnaden mellom næringane kjem ikkje fram i artikkelen til Farsund. Landbruk er subsidiert og proteksjonistisk, medan fiskeri er utan subsidiering (tvert imot no med ekstra skatt på oppdrett) og eksport-retta med fokus på verdsmarknaden, og med eksport av 95 prosent av produksjonen. Noreg eksporterte sjømat for 172 milliardar kroner til totalt 153 land i 2023 (Norges sjømatråd, 2024). Norsk handelspolitikk har offensive interesser på sjømatsida og defensive interesser for landbruk (Varteressian, 2024).

Utviklingstrekk i fiskeripolitikken i Noreg og EU

Formuleringa om at det er «i utgangspunktet vanskelig å identifisere et overordnet paradigme som dekker ulike lands fiskeripolitikk» er nok ikkje dekkande. Etter 1970-talet er nettopp utviklinga i den internasjonale havretten det overordna paradigme for å forstå utviklinga i alle land i det nord-austlege Atlanterhavet sin fiskeripolitikk. Sjølv om UNCLOS³ først vart signert i 1982 – og vart formelt gjeldande i 1994 – vart det internasjonal konsensus om utviding til 200 nautiske mil økonomiske soner

³ United Nation Convention on the Law of the Sea.

allereie i 1977. Dette var utgangspunktet for utviklinga av EU sin felles fiskeripolitikk fram mot etableringa i 1983 og for avtalen om gjensidig fiske mellom Noreg og EU (Avtalen av 1980; Foss, 2011 s. 8–11; Lado, 2016 s. 24–25) Denne avtalen omfatta også gjensidig fiske utanom Nordsjøen. Så gjensidig fiske og kvotebytte vart etablert i Avtalen av 1980, og ikkje i brevvekslinga i 1992, som det kan synest av Farsund si framstilling.

Fiskeripolitikken i Noreg: Mindre politikk og meir marknad

At «norsk fiskerinæring er langt på vei en distriktsnærings» er nok eit understatement. Fiskerinæringa er ei distriktsnærings. Påstanden om at «Fiskeridepartementet [har] søkt å modernisere fiskerinæringen» er meiningslaus. Utviklinga i perioden etter andre verdskrigen er ei dynamisk utvikling i fiskerinæringa, der drivarane er teknologi-, produkt- og marknads utvikling. I tillegg kjem utviklinga av havbruk (oppdrett) frå byrjinga av 1970-talet. Dette hadde ikkje utgangspunkt i styring frå Fiskeridepartement.

Sitatet frå Knut Dahl Jakobsen er beskrivande, og er nok ikkje uttrykk for motstand mot marknads utvikling innan fiskeri. Hans sentrale problemstilling i artikkelen frå 1965 er premiss-straumane til sektorar i offentleg verksemd. Svein Jentoft sin konklusjon om «fiskeripolitikkens premisstrømmer» er:

Man kan like det eller ikke, men de globale premisstrømmene er en del av den norske fiskeripolitiske virkeligheten. Norsk fiskerinæring blir aldri som landbruket i så henseende. Den vil aldri kunne bli et internt sektoranliggende som kan drives på norske premisser alene. Dahl Jacobsens observasjon om fiskerinæringens åpenhet vil fortsatt gjelde, bare i enda større grad. (Jentoft, 2023, s. 67)

Framstillinga av strukturendring i fiskerinæringa («strukturkvoteordningen») er mangelfull. Dette starta ikkje i 2004, slik det kan forståast ut frå Farsund si framstilling. Utgangspunktet er deltakarlova frå 1972 (Deltakarlova, 1972). Før den tid var det berre krav om spesiell løyve (konsesjon) for trålfiske og fangst av sel og kval. Ein viktig bakgrunn for innføring av denne lova var erfaring med ned-fisking av store pelagiske bestandar – norsk vårgytande sild (nvg sild) i Noreg og anchoveta i Peru.

Den gjeldande deltakarlova frå 1999 blir presentert slik i Lovdata:

Deltakerloven er en norsk lov som gir regler for hvem som kan delta i næringsmessig fiske gjennom ulike deltakeradganger eller konsesjonsordninger. Loven gir videre hjemmel til å begrense kapasiteten i flåten. Lovens formål er å tilpasse fangstkapasiteten til ressursgrunnlaget, og gjennom økt lønnsomhet og verdiskapning trygge bosetning og arbeidsplasser i kystdistrikte, samt å legge til rette for at høstingen av de marine ressursene skal komme kystbefolkningen til gode. (Deltakarlova, 1999)

Tilpassing av flåtekapasiteten til ressursgrunnlaget skjedde altså frå 1970-talet, og strukturkvoteordninga (som er frå 2005) var berre ei vidareføring og endring av metode. I forskrifta om strukturkvoteordning av 4. mars 2005 er innhaldet i § 2: «Forskriften har som formål å bidra til en tilpasning av den enkelte fartøygruppe

til ressursgrunnlaget og et bedret driftsgrunnlag for det enkelte fartøy, ved å legge til rette for å redusere antall fartøy i gruppen» (Strukturkvoteordninga, 2005).

Også i EU vart det tidleg etablert ordningar som skulle tilpasse fangstkapasiteten til ressursgrunnlaget. Dette vart kjent som MAGP, Multi-Annual Guidance Programmes. Ved revisjonen av CFP i 2002 vart ansvaret for kapasitets-tilpassing overført til medlemslanda (Lado, 2016, s. 100–111).

Som nemnt er norsk fiskerinaering eksport retta, og marknadstilgang er då sentralt. Framstillinga av dette i forhold til EU er mangelfull. Heilt frå starten på 1970-talet – etter etableringa av 200 nautiske mil økonomiske soner – har norsk standpunkt i dei årlege kvoteforhandlingane med EU vore klar avvising av kopling av fiskekvotar (forvaltning) med handelskvotar. Dette går også fram av avtalen av 1980.

Fra norsk side har vi vært opptatt av å opprettholde skillet mellom markedsadgang og forvaltning fordi det er to helt forskjellige problemstillinger, sier fiskeri- og havminister Cecilie Myrseth. Fra norsk side ble det argumentert med at det ikke er hensiktsmessig å koble forhandlingene om markedsadgang og ressursforvaltningsspørsmål. Ressursforvaltning er en dynamisk prosess hvor det må tas hensyn til biologiske forhold og årlege svingninger. (NFD, 2023)

Derimot er det parallelt med forhandlingane om EØS-midlane også forhandlingar om marknadstilgang for norsk fisk (det gjeld også islandsk fisk). EØS-midlane er ikkje om regional utvikling, men med langt vidare formål.

I pressemelding frå Utanriksdepartementet av 1. desember 2023 er det presentert semje om den perioden vi allereie er inne i – 2021 til 2028:

Gjennom EØS-midlene skal de tre EØS/Efta-landene Norge, Island og Liechtenstein bidra til å redusere sosiale og økonomiske ulikheter i Europa. Avtalen innebærer at de tre EØS/Efta-landene vil bidra med 3 268 millioner euro over en periode på 7 år til de 15 minst velstående medlemslandene i EU. [...] I praksis er Norge og EU enige om tre separate avtaler: Én avtale om EØS-midler sammen med Island og Liechtenstein (EEA Grants), én om de norske EØS-midlene (Norway Grants), og én om markedsadgang for norsk fisk. Avtalene er separate, men forhandlingene har foregått parallelt. (UD, 2023)

Fiskeripolitikken i EU

Fiskeri er i Roma-traktaten i artikkel 38 (1) knytt til landbrukspolitikken (Lado, 2016, s. 11). Så fiskeri var ein del av traktat-grunnlaget, og ikkje administrativt eller naturleg/unaturleg del av landbrukspolitikken.

Det er korrekt som det står at fiskeripolitikken i EU er omstridd, men det er på same måte som fiskeripolitikken er omstridd også i Noreg. Både i EU og Noreg har dette nok også noko bakgrunn i mangel på kunnskap, og utvikling av det som kan kallast myter. Diskusjonen om fiskeri i brexit-forhandlingane kan vere ein illustrasjon på dette. Slagordet *take back control*, som vart brukt i fiskeri-diskusjonen, er utan mening. Då UK vart medlem i 1973 var det ingen «control» utanfor 12 nautiske mil. Så det var i realiteten fritt fiske utanfor dei nasjonale tolvmilsgrensene. Det

var i 1959 oppretta ein regional fiskeriorganisasjon (NEAFC)⁴, men denne hadde i praksis liten effekt. Ved brexit var det altså ingen situasjon med «control» utanfor 12 nautiske mil ein kunne gå tilbake til, men likevel vart myten om *take back control* skapt, og synes å ha hatt ein stor plass i diskusjonen.

Det var tidlegare etablert mange såkalla nabolandsavtalar i Vest Europa, og desse er inkludert i EU sine fiskerireguleringar. Dette er avtalar mellom naboland om fiske innanfor den generelle fiskerigrensa. I Noreg har vi ein slik avtale med Danmark og Sverige frå 1966 om fiske inntil 4 nautiske mil i Skagerrak og nordlege Kattegat. Avtalen vart revidert og fornya i 2014 (Skagerrak-avtalen). Også slike nabolandsavtalar – som var inngått lenge før EEC/EF/EU var etablert – vart det protestert mot i brexit-diskusjonen. Eit ekstremt eksempel var at Belgia drog fram ein avtale frå 1666, som var signert av kong Charles II (Barnier, 2021, s. 362).

Farsund framstiller utviklinga av EU sin fiskeripolitikk i eit ideperspektiv som ein kamp mellom to sett av idear. Dette er nok ikkje korrekt. Den eine ideen som blir tillagt EU-kommisjonen var vedteken som regulering allereie i 1970. Det var ikkje ein konkurranse mot ein annan ide representert ved medlemsstatane som førte til dei langvarige forhandlingane i seks år før kompromisset om CFP i 1983. Forhandlingane var vanskelege og langvarige fordi det gjaldt semje om retten til fiskekvotar. Kompromisset enda til slutt med ei permanent fordeling av rettane – uttrykt som prosent av totalkvotane – altså «relativ stabilitet». Det inneber at av ein årleg totalkvote⁵ av eit fiskeslag har kvart medlemsland rett til ei nasjonal kvote tilsvارande prosent delen som er fastsett som relativ stabilitet.⁶

I EU blir det årlege formelle vedtaket om fiske fastsett som ei regulering av ministerrådet (fiskeriministrane). Tilsvarande blir dei årlege fiskerireguleringane i Noreg fastsett av fiskeriministeren som ei forskrift, med heimel i havressurslova (Havressurslova, 2008).

Det er korrekt som det står at det er medlemslanda som gjennomfører dei årlege fiskerireguleringane, innanfor dei nasjonale totalkvotane som er resultatet av relativ stabilitet innanfor EU.⁷ Og det kan føre til store skilnader i fiskeriforvaltning mellom medlemslanda. Det er tilsvarande i Noreg, der dei årlege nasjonale reguleringane blir gjennomført innanfor dei nasjonale kvotane som er resultatet av forhandlingane med andre land. Utforming av dei nasjonale norske reguleringane ville i mindre grad verte påverka av eit norsk EU-medlemskap. Det er til dømes viktig å ta med at den dagsaktuelle diskusjonen om problemstillingane som er reist i Stortingsmelding 7 i hovudsak ville vere upåverka av eit medlemskap (NFD, 2024). Gruppeinndeling i kystflåten, fordeling av strukturgevinst, trål-stigen med meir er nasjonale norske reguleringar.

⁴ North East Atlantic Fisheries Commission.

⁵ TAC. Total Allowable Catch.

⁶ Utviklinga i EU fram til kompromisset om CFP i 1983 er framstilt på side 24–35 i (Lado, 2016). Farsund sin referanse til side 53–54 må vere feil.

⁷ Referansen til Lado side 388 er ikkje korrekt. Boka har 375 sider.

Framstillinga av fiskeripolitikken i Storbritannia er feil. Dei store protestane hadde ikkje bakgrunn i omsettelege kvotar, men derimoti at sidan UK opphavleg ikkje hadde lovregulering av retten til å eige fiskefartøy, så vart slike fartøy med kvote kjøpt opp av fiskarar frå andre land, særleg frå Spania.

Diskusjon og konklusjon

Dei sentrale utviklingstrekk i fiskerinæringa både i EU og Noreg har eit lengre tidsperspektiv enn frå 1994. Næringerne er blitt likare over tid, slik det korrekt blir nemnt av Farsund. Av dei tre grunnane til dette som Farsund diskuterer er den første heilt openberr. Utviklinga av ny havrett og opprettinga av 200 nautiske mil økonomiske soner i 1977 er sentralt for begge. Det kan også leggast til at prosessen i EU fram til etablering av CFP i 1983 var parallel med endringar i fiskeripolitikken i Noreg, med innføring av fartøykvotar og vedtak av saltvannsfiskelova av 1983.

Derimot er den andre grunnen som Farsund viser til – at Noreg har innført ei «liberal» strukturkvoteordning – fullstendig misforstått. Som det er gjort greie for over var det både i Noreg og EU innført ordningar som skulle tilpasse kapasiteten til ressursgrunnlaget. Og som påpeikt er framstillinga av fiskeripolitikken i Storbritannia feil.

Det er rett at Noreg innførte EU sitt SPS-regelverk/«veterinæravtalen» i 1999 (den tredje grunnen), men det har vel hatt liten innverknad på fiskeripolitikken. Det er først og fremst snakk om rask, sikker og rasjonell grenseplassering ved handel med fiskeriprodukt.

Spekulasjon om ulike tilknytingsformer

(1) Fortsatt EØS-avtale

Det vil – som det står – vere vidareføring av dagens situasjon. Som det er påpeikt ovanfor er EØS-midlane frå Noreg, Island og Liechtenstein knytt til EØS-avtalen. Desse midlane omfattar mykje meir enn regional utvikling. Og det inneber utvikling av omfattande bilateralt samarbeidet mellom Noreg og aktuelle medlemsland. Prosjekta som blir gjennomført med EØS-midlane er svært omfattande. Dette er forklart i pressemeldinga frå Utanriksdepartementet av 1. desember 2023 (UD, 2023).

(2) Ein ny frihandelsavtale

At dette er den forma som har «flest usikkerhetsmomenter» er klart. Ut frå kjende standpunkt til EØS mellom dei politiske partia ville ei «tenkt norsk regjering» som ville seie opp EØS-avtalen måtte ha støtte av Sp, SV, Frp og Rødt. Som kjent vart EØS-avtalen forhandla fram i perioden 1989 til 1992. Bakgrunnen var eit initiativ frå EU (Jacques Delors) om å utvikle eit nært samarbeid mellom EU og EFTA (Rye, 2015). Grunnlaget for dette endra seg dramatisk i november 1989 då Berlinmuren fall. Konsekvensen vart at fleire av EFTA-landa sökte om medlemskap i EU medan forhandlingane om EØS-avtalen var i gang. Saman med Noreg var det fem andre

land i EFTA som forhandla med EU, som då hadde tolv medlemsland. I EFTA var Sverige, Austerrike, Sveits, Finland, Noreg og Island (NOU 2012: 2, kap. 4.3). Altså til saman over 30 millionar innbyggjarar. Det ville vel vere rimeleg av Farsund å ta inn i spekulasjonen ein kommentar om eller ei vurdering av realismen i å skulle forhandle fram ein ny frihandelsavtale som alternativ til EØS-avtalen. Noreg ville då vere på den eine sida av forhandlingane med EU sine 27 medlemsland på den andre. Mi vurdering er at det er fullstendig utan realisme å forvente å oppnå betre vilkår i ein slik ny frihandelsavtale enn gjeldande EØS-avtale.

Melchior (2020, s. 204) påpeikar også at «mens frihandelsavtalen fra 1973 og EØS-avtalen ble oppnådd i en situasjon der EFTA var en mye sterkere forhandlingsmotpart, er Norges forhandlingsmakt i dag mindre [...], og dette gjør en slik reforhandling til et prosjekt med større risiko».

(3) EU-medlemskap

Vurderinga av eit framtidig medlemskap for fiskerinæringa er oppsiktsekkande svak. Nei, kvotespørsmål vil ikkje bli vanskelegast. Som i 1994 ville det bli ein prosess med fastsetting av relativ stabilitet for dei ulike fiskeslaga, basert på historiske rettar og historisk fiske. Jamfør forklaringa over om artikkel 44 og 47 i avtalen av 1994. «Eierskap til fiskefartøy og kvoter» vil heller ikkje bli eit problem, jamfør informasjonen over om deltakarlova.

For fiskeri ville nok truleg framtidige forhandlingar om medlemskap bli prega av problemstillingar om nasjonal suverenitet – som i 1994. Vidare vil vel problemstillingar om fiskeri som fellesskapskompetanse reise motstand. EU har likevel etter 1994 utvikla seg i retning av større regionalisering, og kompromiss i retning av innhaldet av artikkel 49 i avtalen av 1994 kunne bli utvikla. Som i 1994 ville det sikkert også dukke opp demagogiske utsegn om «EU-hav», «fritt fiske», «spansk armada» og meir.

Formuleringa om at «tollfri adgang til EU-markedet [...] vil kunne styrke konkurransesonen» til den norske sjømateksporten er i strid med all etablert kunnskap. Det er heilt klart at tollfri integrering av norsk sjømatindustri i EU ved medlemskap ville styrke konkurransesonen enormt. Allereie i 1994 vart det frå EU si side teke inn i avtalen med Noreg ei ordning med eit potensielt vern mot stor konkurransekraft frå norsk fiskeindustri. Det er artikkel 53 i avtalen av 1994:

1. For a period of four years from the date of accession, the following fishery products, [...] shall be subject to a trade monitoring system.
2. This system, [...] shall stipulate indicative ceilings allowing for unhampered trade up to the ceilings. [...] In the event of the ceilings being exceeded or of serious market disturbances, the Commission may take the appropriate measures [...]
3. The Council acting by a qualified majority on a proposal from the Commission shall adopt, before 1 January 1995, the procedure for applying this Article.

EU er den viktigaste marknaden for norsk fiskeeksport, med om lag seksti prosent av den totale eksporten målt i verdi. På lista over dei ti største marknadslanda er det

sju EU-land. Dei tre andre landa er USA, Storbritannia og Kina (Norges sjømatråd, 2024):

Målt i eksportverdi møter størstedelen av sjømateksporten toll i EU. Beregninger viser at den faktiske tollbelastaningen i perioden 2010 til 2018 økte fra 615 millioner til 1,42 milliarder kroner. Størstedelen av tollbelastaningen skriver seg fra eksport av lakseprodukter hvor tollsatsen er relativt lav, men hvor det eksporteres store volumer. Over tid har de norske vilkårene for sjømathandel blitt relativt sett forverret, som følge av at EU har gitt andre sentrale sjømateksporterende land som Canada, Japan og Storbritannia bedre tollbetingelser. (Bearbeidingsutvalget, 2022, s. 53)

Auken i norsk fiskerieeksport ved medlemskap i EU ville direkte (statisk) vere 1,8 milliardar kroner, samanlikna med observert eksport i 2018 (Melchior & Nilssen, 2020, s. 32). Det er då ikkje tatt med eventuelle dynamiske verknader «ved at deler av næringen lærer av markedene og utvikler seg over tid, for eksempel gjennom foredling som er tilpasset eksportmarkedene» (Melchior, 2020, s. 207).

Det er uforståeleg at havbruk ikkje blir inkludert i ein artikkel om utvikling av norsk fiskerinæringer og situasjonen ved eit eventuelt EU-medlemskap. I 1994 var produksjonen av oppdretta laks i Noreg 204 686 tonn. I 2022 var produksjonen 1 654 948 tonn (Fiskeridirektoratet, u.å.). Så den norske fiskerinæreringa er vesentleg endra gjennom dei siste tretti åra. Dette vil ha svært stor innverknad på ein framtidig forhandlingsprosess om norsk EU-medlemskap.

Tollsatsane til EU aukar med bebreidingsgraden, slik at for eksempel fersk laks møter to prosent, medan røykt laks møter tretten prosent. Dette har avgjerande innverknad på fiskeindustrien i Noreg, slik at vilkåra for meir foredling av fiskeprodukt i Noreg ville bli vesentleg betre ved medlemskap. Laks utgjer ein stor del av fiskeeksporten til EU, men det meste er heil, fersk laks. Potensialet for meir foredingsindustri i Noreg knytt til havbruk ville vere stort. Det ville også vere viktig fordi i råstoff frå havbruk i liten grad er sesongavhengig. Råstoff til fiskeindustrien frå fangst av villfisk er meir påverka av sesongar.

Bearbeidingsutvalget sin konklusjon (s. 86) er: «God og forutsigbar markedsadgang for sjømat er en forutsetning for verdiskaping, bearbeiding i Norge og arbeidsplasser langs kysten.»

Om forfatteren

Lidvard Grønnevet har cand.mag. i samfunnsfag frå Universitetet i Bergen og fiskeskippareksamen frå Fiskarfagskulen i Hordaland. Han har arbeidd som fiskerispesialist i norsk offentleg forvaltning, i Norges Fiskarlag, i forretningsbank og internasjonalt i World Bank i Washington, DC. Grønnevet er no pensjonist frå Havforskningsinstituttet.

Referansar

- Avtalen (1980). Fiskeriaftale mellem Det europeiske økonomiske Fællesskab og kongeriget Norge. Nr. L 226/48. De Europæiske Fællesskabers Tidende. [https://eur-lex.europa.eu/legal-content/DA/TXT/PDF/?uri=CELEX:21980A0227\(05\)](https://eur-lex.europa.eu/legal-content/DA/TXT/PDF/?uri=CELEX:21980A0227(05))
- Avtalen. (1994). *AA-AFSN 8. Brussels, 27 May 1994. Instruments of accession of Austria, Finland, Norway and Sweden to the European Union, as finalized by the legal-linguistic experts.* [Også: Official Journal of the European Communities. C 241. Volume 37. 29 August 1994. Documents concerning the accession of the Republic of Austria, the Kingdom of Sweden, the Republic of Finland and the Kingdom of Norway to the European Union]. <https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/PDF/?uri=OJ:C:1994:241:FULL>
- Barnier, M. (2021). *My secret Brexit diary. A glorious illusion.* Polity Press.
- Bearbeidingsutvalget. (2022, 8. mars). Grønn verdiskaping og økt bearbeiding i sjømatindustrien. Nærings- og fiskeridepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rapport-8-mars-2022/id2898776/?ch=1>
- Christensen, P. (2014). *Norges fiskeri- og kysthistorie* (Bind IV, kap. 2). Fagbokforlaget.
- Deltakarlova. (1972). *Lov om regulering av deltagelsen i fisket.* (LOV-1972-06-16-57) [Avløyst av Deltakarlova av 1999. Lov om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven), av 26. Mars 1999]. Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1972-06-16-57>
- Deltakarlova. (1999). *Lov om retten til å delta i fiske og fangst.* (LOV-1999-03-26-15). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-03-26-15?q=lov%20om%20retten%20til%20C3%A5>
- Farsund, A. A. (2023). Landbruks- og fiskerinæringene i Norge: Klart utenfor, men stadig mer innenfor EU? *Internasjonal Politikk*, 81(4), 631–643. <https://doi.org/10.23865/intpol.v81.5999>
- Fiskeridirektoratet. (u.å.). *Akvakulturstatistikk: Matfiskproduksjon av laks, regnbueørret og ørret.* <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Tall-og-analyse/Akvakulturstatistikk-tidsserier/Laks-regnbueørret-og-ørret/Matfiskproduksjon>
- Foss, T. (2011). *Analyse av Norges avtaler og samarbeid med EU på fiskeriområdet* (Rapport). Europautredningen.
- Havressurslova. (2008). *Lov om forvaltning av vitlevande marine ressursar (havressurslova).* (LOV-2008-06-06-37) [Gjeldande fra 1. januar 2009]. Lovdata <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-06-37?q=Havressurs>
- Jentoft, S. (2023). Fiskeripolitikkens premisstrømmer. I R. E. Nilsen, O. Brox, E. Eythorsson & S. Jentoft (Red.), *Allmenningressurser i nord – fellesskap og grunnrente* (kap. 3). Orkana Akademisk.
- Lado, E. P. (2016). *The common fishery policy. The quest for sustainability.* Wiley Blackwell.
- Melchior, A. (2020). Fra «fiskebrevet» til EØS: Betydnaden av toll for norsk sjømatekspорт til EU. I A. Melchior & F. Nilssen (Red.), *Sjømatnæringen og Europa: EØS og alternativene* (kap. 6). Universitetsforlaget.
- Melchior, A. & Nilssen, F. (2020). Sjømatnæringen og Europa: EU-medlemskap, EØS eller NOREXIT? I A. Melchior & F. Nilssen (Red.), *Sjømatnæringen og Europa: EØS og alternativene* (kap. 1). Universitetsforlaget.
- Meld. St. 7 (2023–2024). *Folk, fisk og fellesskap – en kvotemelding for forutsigbarhet og rettferdig fordeling.* Nærings- og fiskeridepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-7-20232024/id3021504/>
- Norges sjømatråd. (2024, 4. januar). *Prisvekst og svak krone ga eksportrekord for norsk sjømat i 2023.* <https://seafood.no/aktuelt/nyheter/prisvekst-og-svak-krone-ga-eksportrekord-for-norsk-sjømat-i-2023/>
- Nærings- og fiskeridepartementet. (2023). *Pressemelding 1. desember 2023.* <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/norge-og-eu-har-fornyet-avtalen-markedsadgang-for-sjøamat/id3016646/>
- NOU 2012: 2 (2012). *Utenfor og innenfor: Norges avtaler med EU.* Utenriksdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2012-2/id669368/>
- Rye, L. (2015). Sakskoblinger i EØS-forhandlingene (1990–91). I U. Sverdrup & A. Melchior (Red.), *Interessekonflikter i norsk handelspolitikk* (s. 155–181). Universitetsforlaget.
- Saltvannsfiskelova. (1983). *Lov om saltvannsfiske m.v.* (LOV-1983-06-03-40) [Gjeldande fra 15. august 1984. Avløyst fra 1. januar 2009 av Lov om forvaltning av vitlevande marine ressursar (havressurslova) av 6. juni 2008]. Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1983-06-03-40>
- Skagerrakavtalen. (1966). *Revidert og fornøya i 2014. Avtale mellom Norge og EU om gjensidig adgang til fiske i Skagerrak for fartøy som fører dansk, norsk eller svensk flagg. Prop. 129 S (2013–2014). Vedteken i Stortinget 11. desember 2014. Ratifikasjon kgl.res 12. desember 2014.* <https://www.regjeringen.no/contentassets/f694a8bceb80427696d714a473fb15a/no/pdfs/prp201320140129000dddpdfs.pdf>
- Strukturkvoteordninga. (2005). *Forskrift om strukturkvoteordning mv. for havfiskeflåten av 4. mars 2005.* <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-03-04-193?q=Strukturkvote>

Utenriksdepartementet. (2023). *Pressemelding 1. desember 2023*. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/norge-og-eu-enige-om-eos-midler-og-avtale-om-eksport-av-norsk-sjomat/id3016618/>

Varteressian, M. (2024, 22. februar). UD: Vi trenger både en livskraftig fiskerinæring og et livskraftig landbruk. *Fiskeribladet*. <https://www.fiskeribladet.no/debatt/ud-vi-trenger-bade-en-livskraftig-fiskerinaring-og-et-livskraftig-landbruk/2-1-1602487>

Abstract in English

Commentary regarding fishery in Arild Aurvåg Farsund's article 'Landbruks- og fiskerinæringerne i Norge: Klart utenfor, men stadig mer innenfor EU?' in *Internasjonal Politikk*, Vol. 81, No. 4, 2023

It is very positive that *Internasjonal Politikk* published an issue on "Norway and EU: The Importance of Membership". However, in my opinion, the content regarding fisheries is deficient. The issues around fisheries in the negotiations both in 1972 and 1994 are discussed. Also, the development in ocean law and fisheries is debated. It is asserted that the presentation of fisheries policy both in the EU and in Norway is incomplete. This is particularly true for the structural policy. The fundamental difference between agriculture and fishery in Norway is not fully represented in the article by Farsund. In conclusion the judgment is that it is not realistic that the EEA agreement could be exchanged for a free trade agreement. By contrast, membership in the EU would strengthen the competitiveness of the Norwegian fishing industry, including aquaculture. The conditions for higher production of fishery products in Norway would be significantly improved.

Keywords: fisheries · EU · Norway